

Bygda vert pynta til påske.

23.03.2016



Gros Blomster pyntar alltid opp i bygda.

Det er påsketid med mange tilreisande til bygda vår. Vi håpar på gode påskedagar; - både avslappane og aktive, kanskje på same tid. Då er det kjekt å sjå at mange gjer ein innsats for å pynta bygda til påskestemning. Det gjeld både Uskedal Utvikling og firma, ja, og ikkje å forgøyma mange private med grøne fingrar.



**Samstemt og fint ved Bautasteinen.**

Sjølv om påsken kjem tidleg i år, er tydelegvis folk opptatt av at det skal plantast og pyntast til påske. Uskedal Utvikling har ansvar for bedet ved Bautasteinen sentralt i bygda og pottene som er plassert langs hovudvegen på ulike busstopp og ved nedkøyrsla til Sandakaien. No har Gro Hjelmeland stelt og ordna ved Bautasteinen medan Gunn Mari Moberg har planta i dei 7 pottene.

Vi ser at fleire firma har gjort sitt og har planta i potter og kassar for å ønskja våren og kundane velkomne. Og vi er heldige som har Gros Blomster midt i hjarta av sentrum. Det pyntar opp uansett årstid.

Vi vil nok også oppdaga at det ikkje berre er sentralt i bygda folk deltar i denne pyntedugnaden. Vi vil oppdaga stadig fleire. Tar vi ein tur rundt dalen, vil vi til dømes sjå kor fint det er når vi rundar svingen på Haugland. Og best av alt; - dette vert berre vakrare etter kvart som temperaturen stig og fleire og fleire blomar sprekk ut. Vi har ei flott bygd, og våren er ei fantastisk tid!



Rundt thaivogna har dei planta fint.



På begge sider av inngangen til Spar er det flotte beplantningar.



Også i år er det kome planter i pottene langs hovudvegen til påske.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.